

2023



**Ørskog
Sparebank**
- *tid til deg*



BEREKRAFTSRAPPORT 2023

Innhald

Året som gjekk	2
Banken sin historie.....	3
Engasjert - Stolt - Til Stede	4
Bankens strategi for berekraft	5
Banken sin strategi for 2024 - 2026	6
Vegkart for grøn konkurranseskraft i finansnæringa – Finans Norge.....	7
Påverknadsanalyse Eika	8
Gjennomføring av analysen	9
FNs berekraftsmål.....	11
Berekraftsmål nr. 5 Likestilling mellom kjønna.....	12
Berekraftsmål nr. 8 Anstendig arbeid og økonomisk vekst	13
Berekraftsmål nr. 11 Berekraftige byar og lokalsamfunn.....	14
Berekraftsmål nr. 12 Ansvarleg forbruk og produksjon.....	15
Berekraftsmål nr. 13 Stoppe klimaendringane	16
Mål innan samfunnsansvar	17
Miljøfyrtårn	18
Bankens eigne klimaavtrykk	20
Ansvarleg arbeidsgivars.....	21
Etiske retningslinjer	21
Retningslinjer for varsling av kritikkverdige forhold	21
Arbeidsgivars aktivitets- og redegjerelsesplikt	21
Banken sine tilsette	22
Verdiskaping	23
Sponsing og gavemidlar	23
Grøne produkt	25
Grønt bustadlån	25
Grønt billån.....	25
Grønt obligasjonslån.....	25
Arbeid mot økonomisk kriminalitet	26
Banken sitt arbeid med antikvitask og anna økonomisk kriminalitet	26
Innkjøp	27
Avslutning	27

Året som gjekk

Banksjefen si innleiing

Berekraft er noko vi alle må forholde oss til, enten vi driv bank eller skal styre hushaldet heime som forbrukarar.

Tidlegare såg ein kanskje at miljøstandpunkt kom i konflikt med kostnadane, og det vart ein kamp der miljøtiltaka ofte tapte. No er problemstillinga motsett. Om vi ikkje er ansvarlege også i berekraftsamanheng, vil det vere negativt for banken si inntening.



I Ørskog Sparebank tenker vi på mykje meir enn klima når vi snakkar om berekraft. Vi har eit aktivt forhold til forkortelsen ESG:

- Environmental (klima og miljø)
- Social (sosiale førehald og samfunnsansvar)
- Governance (eigar- og selskapsstyring)

Ørskog Sparebank og resten av sparebanknæringa er komen langt innanfor bokstavane S og G. Tilbake på 1890-talet delte banken si første gave; då fekk alle konfirmantane i Ørskog utdelt salmebøker som banken betalte for. Gåver har vi haldt fram med å dele ut sidan, og det er ein viktig del av banken sitt samfunnsansvar.

Heile sektoren vår er tufta på at vi skal ta et samfunnsansvar utover det å drive bank. Finansnæringa er ein sterkt regulert bransje, og banken må følgje strenge reglar innanfor antikvitask og terrorfinansiering. Bankar har i tillegg ei rekke ulike plikter knytt til lov og forskrift om korleis ein skal drive verksemda, og det er omfattande dokumentasjonskrav til etterleving av føreseggnene.

Eika Kapitalforvaltning AS forvaltar bankens overskotslikviditet og kundane sine sparepengar. I rapporten vil du kunne finne meir informasjon om prinsippa midlane blir forvalta under. Vi vil fortelje om grøne bustadlån til miljøvenlege bygg, korleis vi tenkjer berekraft som innkjøpar og korleis vi tek omsyn til pliktene vi har som arbeidsgjevar ovanfor dei tilsette.

Vi må erkjenne at bokstaven E i ESG (klima og miljø) er det området innanfor berekraft der vi har størst potensiale for å bli flinkare. Vi har difor gjennomført Miljøfyrtårnsertifisering for å auke kompetansen og bevisstheit frå alle tilsette. Vi skal bli enda betre rådgjevarar innanfor området, og ønsker å bli opplevd som ein god sparringspartnar for kundane også når det kjem til energisparande tiltak og klimavenlege bygningar. Her kan vi gjere ein forskjell, og vi jobbar difor målretta for å bli litt flinkare kvar dag.

Eirik Kavli

Banksjef Ørskog Sparebank

Banken sin historie

Ørskog Sparebank er ein sjølvstendig og solid sparebank med ein forretningskapital på ca. 4,6 mrd. og 23 tilsette per 31.12.2023. Banken er lokalisert i Sjøholt sentrum i Ørskog Kommune og med eit rådgjevingskontor på Moa.

I 1855 utarbeidde Rasmus Storvik, Ole Sollied og Bendik Skarbø ein plan for stifting av Ørskog Sparebank. Banken starta si verksemd den 3. januar i 1857, og har ei tradisjonell "sparebankhistorie" bak seg. Det betyr nøkternheit, samfunnsansvar, personleg kundeoppfølging og ein bank å samarbeide med.



Gamlebanken

Foto: Ørskog Historielag

Banken er ein av aksjonærane i Eika-Gruppen AS. Gjennom dette samarbeidet tilbyr vi ei rekke finansielle produkt, blant anna livs- og skadeforsikring, fondsprodukt og leasing. Som eigar i denne alliansen tilbyr vi gode tenester til konkurransedyktige priser.

I samarbeid med kundane forsøker vi å utnytte våre smådriftsfordeler:

- Nærleik til kunden
- Tilgjengeleight
- Personleg oppfølging
- Fleksibilitet

Vi er organisert som ei sjølveigande stifting, det vil seie at ingen eig den formue som Ørskog Sparebank representerer. Eigenkapitalen er bygd opp gjennom over 167 år med overskot, og det er bygdefolket og kundane i fellesskap som har eigedomsrett til banken. Det er også denne grupperinga som har styring med banken.

I forstandarskapet, som er øvste organet, er det 12 representantar. 8 av desse er vald av innskytarane, og 4 er vald blant dei tilsette.

Forstandarskapet veljar styret som har som oppgåve å leie banken i samsvar med lover, vedtekter og andre forskrifter som forstandarskapet eller Finanstilsynet har gitt. Styret består av 6 medlemmer, og ein av desse er vald av dei tilsette.

Engasjert – Stolt – Til Stede

For oss er kvar enkelt kunde viktig. Vi ynskjer å fylgje våre kundar heile livet og vere ein støttespelar for små og store økonomiske val. Vi hjelptil med å realisere kundane sine planar og mål. Våre dyktige rådgjevarar har lokalkunnskap og tilbyr personleg økonomisk rådgjeving. Vi skal vere ein bank du kan stole på - både i dag og i framtida!

Bankens verdi «**Til Stede**» fortel at banken skal vere ein aktør som opplevast nær og tett på lokalsamfunnet. Banken skal forvalte dei midla den har til rådighet på ein god måte, og skal bidra aktivt til lokalsamfunnet. Den skal ta initiativ til og støtte lokale berekraftige tiltak som skaper vekst og utvikling i bankens område for verksemd og som gjer grunnlag for videre utvikling og inntening. Gjennom årleg gåveutdeling skal banken bidra positivt til lokalsamfunnet, og gjennom løpende sponsoravtaler skal det leggast tilrette for positive tiltak som bidreg til ønske om å busette og etablere seg i bankens nedslagsfelt. Ved å være interessert og til stede i lokalsamfunnet bygger vi vidare på tilliten som kundane har til oss, og legg fundamentet for videre drift.

Banken ønsker å bidra til ei berekraftig utvikling i dei område og bransjar banken opererer i. Dette er synleggjort m.a. i bankens verdi «**Engasjert**». Det inneber at banken skal ta omsyn til og vektlegge ESG i måten banken og banken sine forretningspartnerar arbeider, i utforminga av bankens leveransar og tenester, og heilt ut til sluttproduktet hos bankkunden. Retningslinjene skal vere ei støtte til administrasjonen og tilsette når det gjeld strategiske avgjersler og dagleg arbeid i banken. Retningslinjene gjeld for alle tilsette og tillitsvalte, og vil også gjelde for personar som arbeider på oppdrag eller som konsulentar utan å være fast tilsett. I tillegg vil retningslinjene gjelde for all verksemd i tilknyting til kundar, leverandørar og andre forretningspartnerar.

Det å skape verdiar og å være lønnsam er en del av bankens samfunnsrolle, og det er ikkje likegyldig korleis banken tener sine pengar. Bankens val av produkt og tenester skal ikkje gå på kostnad av menneske, etikk eller miljø. Bankens verdi «**Stolt**» referer til den yrkesstoltheit bankens tilsette skal kunne kjenne på i utøvinga av si rådgiving. Banken skal søke løysingar som er rettferdig for begge parter, og ikkje søke profitmaksimering på kostnad av kundar med svak forhandlingsmakt eller svak forhandlingskompetanse. Det er ei sjølvfølge at banken etterlever gjeldande lover og forskrifter, og banken skal ha høg etisk bevisstheit.



Bankens strategi for berekraft

Bankens visjon lyd: «Med nærlighet og god rådgiving skaper vi verdiar for ei betre framtid». Relatert til emnet berekraft, betyr det at banken gjennom sin aktivitet og rådgiving som finn sted i kundemøter, søker å påverke åferd:

- Motivere kundane til å gjere berekraftige kapitalinvesteringar
- Investerer i kompetanseheving, og gir tilsette ein god og trygg arbeidsplass. Gir gåver til lokalsamfunnet.
- Innrettar banken slik at vi bidreg til å motverke kvitvasking, skatteunndraging m.m. Ha en god forretningsstyring som opprettheld bankkonsesjonen.
- Vi finansierer prosjekt som bidrar til lågare klimaavtrykk, og det betyr også at vi skal vokse lønnsamt og utan stor risiko som kan komme framtidige generasjonar til gode.

Vi omtaler gjerne berekraft med forkortelsen **ESG**

Environmental (Klima og miljø)

Social (Sosiale forhold og samfunnsansvar)

Governance (Eigarstyring og selskapsstyring)



Banken må ta omsyn til ESG i utvikling av produkt og tenester, rådgiving og sal, investerings- og kredittavgjersler, samt produksjon og drift.

Styret spiller ein avgjerande rolle for integrering av ESG i banken sin strategi. Styret skal sikre at samfunnsansvar og berekraft blir ein del av bankens forretningsstrategi, organisasjonskultur, verdiar og driftspraksis på ein måte som understøtter banken si langsigte lønsemd og levedyktigheit. Styret skal vere førande for å definere banken sine ESG-premiss og -målsettingar, samt å etablere styringsmekanismar for å handtere desse faktorane på alle nivå i organisasjonen.

Styret skal blant anna:

- Identifisere dei viktigaste berekrafttema der banken har påverking på omverden samt bankens berekraftrelaterte risikoar og moglegheiter (dobbelt vesentligheit)
- sette tydelege mål for korleis banken skal redusere negativ påverking på samfunn og miljø
- prioritere tenester og produkt som har positiv innverknad
- minke berekraftrelaterte risiko og fremme berekraftrelaterte moglegheiter
- følge opp implementeringa av bankens tiltak, og forutsette jamleg rapportering frå leiinga over kva resultat banken kan sjå av eige berekraftarbeid og sikre at banken rapporterer eksternt i samsvar med gjeldande regelverk

Banken sin strategi for 2024 - 2026



Klima og miljø

- Gjennom gave midler, sponsorat og utlån motiver kundemassen til å redusere klimautslipp og redusere energiforbruk.
- Støtte opp om lokale tiltak for søppelyrdding m.m.
- Ivareta miljøfyrårnsertifisering
- Øke andelen grønne boliglån
- Utvikle et grønt omstillingsslån som motiverer kundene til å foreta energibesparende oppussingsprosjekter
- Gjennomføre ytterligere energieffektivisering i eget bygg

Sosiale forhold

- Aktiv bidragsyter med sponsormidler og gave midler for tiltak som øker bolysten i lokalsamfunnet
- God HMS, innføre AMU og legge til rette for kompetanseutvikling og interne utviklingsprosjekter
- Tilrettelegge for mangfold og inkludering der det er aktuelt og relevant
- Videreutvikle bankparken som et samlingspunkt og et positivt innslag i bygdemiljøet

Ansvarlig og etisk forretningsstyring

- AHV området skal være tett integrert i alle ledd av virksomheten
- Opprettholde et sterkt personvern og være compliant overfor GDPR regelverket
- Korrekt og presis rapportering av CRS/Facta forpliktelsene
- Ansvarlig innkjøper som handler lokalt.
- Ivareta bankens omdømme gjennom compliant drift og god risikostyring
- Loggføring av hendelser for kontinuerlig å forbedre driften, unngå nye feil og redusere tap.


ESG RISIKO

Risiko relatert til miljø, samfunnsansvar og selskapsstyring går inn i omgrepene ESG risiko i lag med klimarisiko. Klimarisiko inkluderer risiko for auka kreditrisiko og finansielle tap for banken som følgje av klimaendringar. Banken gjer årlege vurderingar av kvar einskild bedriftskunde der ESG og klimarisiko inngår.

Det er først og fremst relatert til utlån til bedriftsmarknaden at det er identifisert klimarisiko. Dette er både relatert til fysisk risiko, men også overgangsrisiko frå dagens situasjon til et samfunn med mindre utslepp av klimagassar. Derfor er vurdering av berekraft og klimarisiko innlemma i banken sin kredittprosess. Banken er lite eksponert mot olje og gassnæringa, men næringseigedom, bygg og anlegg samt landbruk er dei sektorane som har mest klimarisiko i banken si portefølje. Samstundes er det moglegheiter for positiv innverknad frå bankens sine rådgjevarar i desse bransjane.

Skal vi sikre at landet vårt framleis er ein god stad å bu i framtida, må vi ha økonomisk tryggleik og arbeidsplassar. Vi må behandle kvarandre bra og unngå store klimaendringar og naturøydeleggingar.

Vegkart for grøn konkurranseskraft i finansnæringa – Finans Norge



www.finansnorge.no

Stadig strengare global klimapolitikk og raskare teknologisk utvikling endrar rammevilkåra for norsk næringsliv. Ei langsiktig utvikling av grøn konkurranseskraft er avhengig av at private verksemder ser moglegheitene som ligger i det grøne skiftet.

For at visjonen skal nås må anbefalingane i vegkartet takast i bruk og gjennomførast. Det inneber at:

- **Kvar enkelt aktør i finansnæringa** bruker vegkartet for å bidra til omstilling mot 2030, med utgangspunkt i egen kompetanse og strategi.
Dette inkluderer handlingsplanar, tiltak og rapportering på framgang
- **Myndighetene** tilpassar rammevilkåra slik at desse fremmer omstilling i finansnæringa
- **Finans Norge** samlar norsk finansnæring, her under: tar initiativ til samarbeid i næringen, med myndighetene og andre interessenter, dialog med EU og tar statussjekk for å følge framgang mot vegkartets visjon

Påverknadsanalyse Eika

FNs prinsipp for berekraftig bankdrift (UNEP FI – United Nations Environmental Programme Finance Initiative) består av følgande prinsipp:

1. Tilpassing

Banken vil innrette vår forretningsstrategi for å vere konsistent med og bidra til den enkelte sitt behov og samfunnet sitt mål, som uttrykt i berekraftsmåla, klimaavtalen frå Paris og relevante nasjonale og regionale rammer.

2. Påverking og målsetting

Banken vil kontinuerleg auke vår positive påverking på kundane samtidig som vi redusere den negative påverkinga, og handterer risikoen for menneske og miljø som følge av våre aktivitetar, produkt og tenester. For dette formål vil vi sette og publisere mål der det kan ha størst effekt.

3. Kundar

Banken vil jobbe ansvarleg med våre kundar for å oppmuntre til berekraftig praksis og mogleggjere økonomiske aktivitetar som skaper velstand for noverande og framtidige generasjonar.

4. Interessentar

Banken vil proaktivt og ansvarleg konsultere, engasjere og samarbeide med relevante interessantar for å nå samfunnets mål.

5. Styring og kultur

Banken vil implementere vår forplikting til desse prinsippa gjennom effektiv styring og en kultur for ansvarleg bankverksemd.

6. Openheit og ansvarlegheit

Banken vil med jamleg gjennomgå vår individuelle og kollektive implementering av desse prinsippa og være transparente og ansvarlege for våre positive og negative påverkingar og vårt bidrag til samfunnets mål.

Formålet med desse prinsippa er å sjå til at banksektoren skal vere ein pådrivar for å oppnå FNs berekraftsmål og Parisavtalen.

Eika Gruppen sitt arbeid med berekraft er tredelt:

- Dei skal sikre alliansebankane og understøtte deira berekraftsarbeid i eigen kjerneverksemd
- Dei skal sikre berekraft i eigne produkt og forretningsmodell
- Dei skal sikre berekraft i eige hus

Eika Gruppen har signert Prinsipp for berekraftig bankdrift, og har valt å utføre påverknadsanalysen på vegne av alliansen.

Gjennomføring av analysen

Analysen inneholder fem steg

Steg 1: Bankkartografi

Analysa startar med å hente inn data frå verksemda, med skilje mellom privatmarknad og bedriftsmarknad og eventuelle ulike land som verksemda opererer i.

For privatmarknad er det analysert kva produkt kundane har i banken og estimat for korleis kundane fordele seg mellom lav, medium, høg og uspesifisert inntekt. Dette er basert på blant anna tall frå SSB. Kartlegginga for bedriftsmarknaden oppgjer kva som er dei ti største sektorane på utlån.

Steg 2: Noregs berekraftsparameter

Innsikta frå steg 1 skal settast saman med dei påverknadsområda i Norge kor behovet er størst. Analysa tek utgangspunkt i Country Needs, basert på UNEP FI Impact Radar. Verktøyet har 22 berekraftsparameter (påverknadsområder), som skal avgjere kva område som er kritiske i norsk kontekst.

- **Kvalitet og effektiv bruk av ressursar:** Norge har eit høgt energi- og materialkonsum per innbyggjar. I tillegg har vi eit stort forbruk av ferskvatn.
- **Kvalitet og effektiv bruk av avfall:** Kvar innbyggjar genererer mellom 1-1,49 kg avfall dagleg, men når det gjeld resirkulering ligg vi under den kritiske grensa.
- **Kvalitet og effektiv bruk av klima:** Vi har høgt utslepp av CO₂ per innbyggjar, men har lav klimarisiko. Vi er derfor blant dei landa som vil bli minst påverka av klimaendringane.
- **Tilgang og kvalitet på bustad:** Vi har lite utfordringar med slum og heimlause i Norge. Vi har overkommelege bustadprisar, men innbyggjarane med lav inntekt bor ofte tront.
- **Tilgang og kvalitet på mat:** Vi har trygg matsikkerheit i Norge og lite underernæring, men noko risiko knytt til ernæring og fedme.

Steg 3: Vår påverking

Innsikta frå steg 1 og 2 skal settast saman til ei oversikt over verksemdas potensielle påverknad på privat- og bedriftsmarknaden.

For privatmarknaden vil sysselsetting, inkluderande sunne økonomiar, bustad, helse/sanitær og rettferd trekkast fram som potensiell positiv effekt. Når det gjeld potensiell negativ effekt, vil særleg inkluderande sunne økonomiar, sysselsetting, avfall, økonomisk konvergens og bustad trekkast fram.

For bedriftsmarknaden vil sysselsetting, inkluderande sunne økonomiar, helse/sanitær, bustad og kultur og arv trekkast fram som potensiell positiv effekt. Når det gjeld potensiell negativ effekt, vil særleg avfall, sysselsetting, klima, ressurseffektivitet og jord trekkast fram.

Steg 4: Eigen prestasjon

Relevante indikatorar og mål for dei vesentlege berekraftsparametrane blir vurdert i steg 4, i tillegg til å bedømme tilgjengelegehetra av relevant datamateriale. Resultatet av vurderinga viser kva berekraftsparameter ein bør prioritere vidare.

Steg 5: Prioriterte berekraftsparametre

Det siste steget i analysen gjer ei oversikt over vår potensielle positive og negative påverking, med prioriterte berekraftsparametre frå alle stega gjennomgått i analysen. Påverkingsområde der banken allereie har god kontroll, som inkluderande sunne økonomiar og sysselsetting, blir ikkje prioritert. Fokuset bør ligge på områder der banken har størst moglegheit for å påverke.



Berekraftsansvarlege i Eika Gruppen har gjennomført analysen, som bygg blant anna på samtalar og gruppearbeid internt i Eika Gruppen, produktelskapa og i tillegg på tvers i alliansen. Funna frå analysen peiker ut tre område der Eika Gruppen legg fokuset framover; ressurseffektivitet, avfall og klima.

- **Ressurseffektivitet**

Effektiv bruk av avgrensa, ikkje-fornybare naturressursar (som ikkje kan gjenvinnast etter utnytting) og fornybare naturressursar (som kan gå tilbake til sine tidlegare lagernivå ved naturlege vekstprosesser eller påfyll) i prosessen med å utnytte naturen til produksjon og forbruksformål.

- **Avfall**

Evne til å handtere avfall, her under kontroll, overvaking og regulering av produksjon, innsamling, transport, behandling og deponering av avfall, og dessutan førebygging av avfallsproduksjon gjennom modifikasjoner i prosessen, gjenbruk og resirkulering i løpet av et prosjekts livssyklus. Dette inkluderer avfallsreduksjon.

- **Klima**

Samansetning av den globale atmosfære og eksponering for klimagassar (Green House Gas/GHG-utslepp) som ein direkte faktor som bidreg til klimaendringar.

FNs berekraftsmål

Ei berekraftig utvikling skal imøtekome dagens behov utan å øydelegge moglegheitene for at komande generasjonar skal få dekka sine



Berekraftsmåla til FN er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikhet og stoppe klimaendringane innan 2030, og består av 17 mål og 169 delmål. Desse måla skal fungere som ei felles global retning for land, næringsliv og sivilsamfunn.

Berekraftsmåla skal gjere noko med årsakene til fattigdom, ulikheit og klimaendringar, og eit av hovudprinsippa er at ingen skal utelatast. Dei mest sårbare menneska må derfor prioriterast.

Berekraftsmål nr. 5 Likestilling mellom kjønna

Oppnå likestilling og styrke jenters og kvinners stilling i samfunnet



Verda er langt meir likestilt enn for få tiår sidan. Talet på kvinner som deltar i politikk og næringsliv aukar, men det er framleis langt fleire menn enn kvinner i maktposisjonar.

Fattigdom er ofte tett knytt til diskriminerande lover og sosiale normer som fører til at kvinner får dårlegare økonomi og færre mogleheter til å bestemme over egne liv. Mange kvinner er økonomisk avhengig av partneren sin, noko som fører til ei skeiv maktbalanse i heimen og i samfunnet.

Likestilling handlar om ei rettferdig fordeling av makt, innflytelse og ressursar. Å leve et fritt liv utan vald og diskriminering er en grunnleggande menneskerett og er avgjerande for utvikling av menneska og for samfunnet.

Politisk, økonomisk og sosial likestilling mellom kjønna bidreg til ei positiv utvikling på alle plan. Likestilling og kvinne sine rettigheter er eit gjennomgående tema i berekraftsmåla, og det er helt essensielt for å kunne nå alle FNs bærekraftsmål innan 2030.

Ørskog Sparebank sine gjennomførte og planlagde tiltak:

- Likelønnskartlegging innan 30.06.2024
- ARP - rapport innan 30.06.2024
- Arrangement for kundar – Sparing for kvinner – fokus på aksjar, fond, pensjon og sparing spesielt for kvinner
- Tiltak som f.eks. utbetaling av bonus sjølv om tilsett er i permisjon
- Forskottering lønn ved foreldrepermisjon
- Kvinneandelen i styret er i tråd med lovverket
- Tilrettelegging mellom jobb og familieliv
- Kjernetid – fleksitid er innført for å gje alle mogleheit til å balansere jobb og familie
- Etiske retningslinjer gjev tydelege føringar for uakseptabel åtferd kva gjeld diskriminering og seksuell trakkassering
- Det er like mogleheter til leiande stillingar internt, noko banken kan syne til gjennom tilsettingar i 2023
- Gode varslingsrutinar som er kjent for alle tilsette - Varsling om kritikkverdige hendingar

Berekraftsmål nr. 8 Anstendig arbeid og økonomisk vekst

Fremme varig, inkluderande og berekraftig økonomisk vekst, full sysselsetting og anstendig arbeid for alle



Omtrent halvparten av verdas befolkning tener så därleg at dei ikkje kan leve av lønna si. Å skape arbeidsplassar av god kvalitet er ei stor utfordring for alle land fram mot 2030.

For å utrydde fattigdom og bekjempe ulikskap i verda må alle ha jobbar. For at det skal kunne skje må vi skape ein rettferdig økonomisk vekst og nye arbeidsplassar. Det betyr at vi må inkludere dei unge i arbeidsmarknaden, sørge for eit forutsigbart og trygt arbeidsliv, legge til rette å få fleire kvinner i arbeid og redusere uformelt og svart arbeid.

Ørskog Sparebank sine gjennomførte og planlagde tiltak:

- Banken styrkar innsatsen på Anti-kvitvaskingsområdet ved å tilsette ein ny rådgjever frå 01.01.2024
- Banken rapporterer i høve openheitslova – og skal vi skal senke grensa for vesentlighet i 2024 og rapportere meir utvida
- Styret har revidert etiske retningslinjer
- Banken har ei målsetjing om å vere føretrekte bank for lokalt næringsliv, og har ein ambisjon om å bidra til vekst i talet små og mellomstore bedrifter.
- Satsing på trivsel/arbeidsmiljø, tilknyting til arbeidstakarorganisasjonar m.m.

Berekraftsmål nr. 11 Berekraftige byar og lokalsamfunn

Gjere byar og lokalsamfunn inkluderande, trygge, robuste og berekraftige



Vi må få på plass god nok avfallshandtering, redusere forureining og ikkje sløse med resursane.

Ørskog Sparebank sine gjennomførte og planlagde tiltak:

- Banken har to dedikerte rådgjevarar som berre jobbar med skadeforsikring. Dei arbeider proaktivt med å hjelpe kundar å gjere trygge og gode val og syte for at kundane er rett forsikra
- Banken har ein policy om å kjøpe varer og tenester lokalt, så langt som mogleg
- Banken finansierte ein søppelyyddingsaksjon i samarbeid med skulen på Ørskog i 2022
- Banken har investert i ein flott park med oppgraderte leiker. Dette har blitt ein populær møteplass i bygda
- Banken gjer gåver og sponsrar lokale velforeiningar i bustadfelt, for å gje gode stadar å bu og leve. Dette skal bidra til trygge og gode oppvekstvilkår for barn og unge
- Økonomisk støtte til lag og foreiningar som fremmer fysisk aktivitet og sosialt – spesielt blant barn og unge
- Gjennomfører ei årleg kundetilstelning; Business og Lidenskap der kjende gjestar held inspirerande føredrag
- Banken tilbyr grøne bustadlån med lågare rente til bustader med energimerking A eller B
- Banken vart Miljøfyrtårnsertifisert i 2023
- Økonomisk støtte til lag og foreiningar som fremmer fysisk aktivitet og sosialt – spesielt blant barn og unge

Meir enn halvparten av verdas befolkning bor i dag i byar, og dette kjem truleg til å auke til 60 prosent i 2030. Byane fungerer som møteplassar for handel, kultur, innovasjon og sosial samhandling. Samtidig står byane for 75 prosent av alle klimagassutslepp og slumområde hindrar gode levekår.

På sitt beste sørger byar for at menneske kan leve gode liv og utvikle seg økonomisk og sosialt. På den andre sidan voknar mange byer fortare enn tilbodet av arbeidsplassar og bustader. Dette fører til utvikling av slumområde med därlege bustadforhold og manglande tenester. Vi må lage berekraftige byer som gir tilgang til grunnleggande tenester som energi, bustader og transport.

Berekraftsmål nr. 12 Ansvarleg forbruk og produksjon

Sikre berekraftig forbruks- og produksjonsmønstre



Berekraftig forbruk og produksjon handlar om å gjøre meir med mindre ressursar. I dag forbruker vi mye meir enn kva som er berekraftig for kloden. For eksempel går en tredjedel av maten som blir produsert bort, utan å bli spist.

For å sikre gode levekår for noverande og framtidige generasjonar må også kvar enkelt forbruker endre livsstil. Det inneber å minke ressursbruken, miljøydeleggelsen og klimautsleppa som et samfunn og som enkelperson. På sikt vil dette føre til økonomisk vekst, avgrense klimaendringar og auke livskvaliteten til menneske på jorda.

Ørskog Sparebank sine gjennomførte og planlagde tiltak:

- Innan 2030 redusere avfallsmengda betydeleg gjennom førebygging, reduksjon, materialgjenvinning og ombruk
- Banken investerer i kompetanseutvikling, der gode råd er ein viktig del av kredittgjevingsarbeidet. Vi rår kundane våre til å ha eit kredittkort i bakhand, men alltid betale ned uteståande når rekninga kjem
- Banken formidlar smålån frå Eika Kredittbank, men det er ikkje eit produkt som blir marknadsført. Banken har ein nøktern språkbruk, og vilkår i tråd med utlånsforskrifta
- Det er utvikla samtalemalar og andre kompetansehevande tiltak; der berekraft skal inkluderast i samtalemalen for alle rådgivarane
- Samtalemal – berekraft skal inkluderast i samtalemalen for alle rådgivarane
- Rapportere på Scope 1 – eigne utslepp, Scope 2 – utslepp knytt til innkjøpt energi, Scope 3 – indirekte utslepp knytta til innkjøpte varer og tenester der utsleppa går føre seg utanfor eigen verksemد

Berekraftsmål nr. 13 Stoppe klimaendringane

Handle umiddelbart for å bekjempe klimaendringane og konsekvensane av dei. Målet er å avgrense den globale temperaturstigninga til godt under 2 grader celsius.

13 STOPPE KLIMAENDRINGANE



Klimaendringar er en reell og unekteleg trussel mot heile sivilisasjonen vår. Klimagassutslepp per person går nedover, men endringane til nå er ikkje store nok til å nå måla i 2030.

Den globale gjennomsnittstemperaturen har steget omrent 1 °C sidan før-industriell tid, i tillegg fortsette havnivået å stige. De fattigaste rammes hardast. Land har levert nasjonale planer for å redusere klimagassutslepp, men de er ikkje omfattande nok.

Klimaendringar er eit globalt spørsmål og kjenner ingen landegrenser. Det er viktig å avgrense aukinga av gjennomsnittstemperaturen til 1,5 °C dersom verden ønsker å sleppe katastrofale konsekvensar i framtida. Vi må finne globale løysningar på en rekke områder. I tillegg til å kutte i utslepp og fange og lagre CO₂, må det satsast meir på fornybar energi, nye industrielle system og endring i infrastruktur. Vi må også investere i å verne, tilpassa oss og avgrense skadeomfanget.

Ørskog Sparebank sine gjennomførte og planlagde tiltak:

- Banken tilbyr produkta: grønt bustadlån og grøne billån som har lågare rente då objekta dei finansierer slepp ut mindre klimagassar
- Banken har ambisjon om å lansere grøne rehabiliteringslån. Her er målsetjinga å tilby den lågaste renta til å finansiere ombyggingar som er energisparande
- Banken tilbyr EL-bil-ladeplass til dei tilsette
- Banken har dei siste åra nesten gått heilt vekk frå papiravtalar og signerer del all fleste kontraktar elektronisk
- I tråd med Miljøfyrtårnsertifiseringa fører vi kontroll over avfallsmengda gjennom sortering og
- Jobbar aktivt med skadeførebygging når forsikringsrådgjevarar er på besøk hos bedriftskundar

Mål innan samfunnsansvar



Ørskog Sparebank tar ansvar for ei berekraftig samfunnsutvikling som ikkje skal gå på kostnad av framtidige generasjonar.

Vi har arbeidd med berekraft, samfunnsansvar og tiltak for å redusere klimagassutslepp.

Fjordbasen er eit undervisningsprosjekt i regi av Ørskog Skule, som skal fremme meistring og kunnskap. Elvane får her praktisk erfaring med fokus på ressursane vi har i havet. Saman med lokalt næringsliv har banken bidratt med gavemidlar til kjøp av ein båt som blir brukt i undervisninga.



Banken har arrangert gratis **skredkurs** for kundane, der tema var kunnskap om terreng og værforhold, risikovurdering og planlegging, riktig forsikring og utstyr.

Saman med EL24 inviterte banken til kundekveld for bustadeigarar om **ENØK-tiltak** for å spare straum, informasjon om solcelleanlegg, energimerking og grøne bustadlån.



Miljøfyrtårn



Ørskog Sparebank blei
Miljøfyrtårnsertifisert i 2023.

Det betyr at banken har oppfylt strenge krav til avfallshandtering, berekraftige innkjøp, miljøvenleg transport, energieffektivisering, HMS og arbeidsmiljø.

Vi tar berekraft på alvor – og jobbar kontinuerleg med å redusere våre klimagassutslepp

Miljøfyrtåret sitt klimarekneskap følger GHG-protokollen. GHG-protokollen – Green Gas Protocol - er den mest anerkjente standarden for rapportering av klimagassutslepp i eit klimarekneskap.

Utsleppa blir delt inn i 3 Scopes:

Scope 1 – Direkte utslepp frå eige utstyr

Scope 2 – Indirekte utslepp frå energi

Scope 3 – Andre indirekte utslepp

Berekraftsgruppa i banken har planlagt, informert og gjennomført miljøtiltak, inkludert intern opplæring. Gjennom Miljøfyrtårnsertifiseringa får banken dokumentert miljøinnsatsen og vise samfunnsansvar. Det skal bidra til at banken kan redusere miljøbelastninga, auke konkurranseskrafta og stimulere til grøn omstilling.



Ditt CO2-utslipp i tonn for 2023

19,70

↗ 43% endring fra 2022

Fordeling av ditt CO2-utslipp



Avfall og ombruk	0.73	Energi	48.36
Transport	3.36	Transport	46.45
Transport	0.85	Avfall og ombruk	0.04
Avfall og ombruk	0.17	Avfall og ombruk	0
Avfall og ombruk	0.05	Avfall og ombruk	0

[Se klimaregnskapet](#)

Klimarekneskap for 2023



Ørskog Sparebank

2023

Utslippskilde	Utslipp
Scope 1	
Drivstofforbruk i virksomhetens kjøretøy - Bensin (personbil/varebil)	0,66 tonn CO2e
Sum scope 1	0,66 tonn CO2e
Scope 2	
Energibruk - Elektrisitet	9,53 tonn CO2e
Sum scope 2	9,53 tonn CO2e
Scope 3	
Avfallsmengder - Batterier	0,00 tonn CO2e
Avfallsmengder - Glass- og metallemballasje	0,00 tonn CO2e
Avfallsmengder - Organisk avfall (matavfall med mer)	0,01 tonn CO2e
Avfallsmengder - Papir, papp og kartong	0,03 tonn CO2e
Avfallsmengder - Plast	0,01 tonn CO2e
Avfallsmengder - Restavfall	0,14 tonn CO2e
Tjenestereiser - Flyreiser, Norden (rapportere i antall reiser)	9,15 tonn CO2e
Tjenestereiser - Kjøregodtgjørelse	0,17 tonn CO2e
Sum scope 3	9,51 tonn CO2e
Total CO2 utslipp	19,70 tonn CO2e

Bankens eigne klimaavtrykk



Ørskog Sparebank har lokasjoner i Ørskog og i tillegg eit leid lokale på Moa. Banken har eit lite klimaavtrykk som bedrift, men kan i stor grad påverke vekst og utvikling i lokalmiljøet.

Banken kan bidra til vekst med nye bedrifter, nye bustader og produksjon, men dette vil også bidra til å auke klimautsleppet. Næringsseigedom, bygg og anlegg, samt landbruk har mest klimarisiko i banken si portefølje.

I EU sitt berekraftsrapporteringdirektiv (CSRD) er det presisert at verksemder skal nytte ei dobbel vesentligheitsanalyse for å bygge under berekraftsrapporteringa.

Vesentlighet skal vurderast frå to perspektiv:

Vesentleg innverknad: Skilnad mellom positiv og negativ, samt faktisk og potensiell innverknad

Finansiell vesentlighet: Kan forholdet føre til økonomiske konsekvensar for verksemda?

I hovudsak inneber det at banken må rapportere både på kva innverknad banken har på miljøet og menneska rundt seg, samt korleis bankens forhold til berekraft vil påverke til langsiktig verdiskaping.

Ansvarleg arbeidsgivar

Etiske retningslinjer

Banken sine etiske retningslinjer presiserer forventningar og krav som banken stiller til tilsette sin handlemåte og åtferd. I tillegg har banken tilsettingsavtalar, stillingsinstrukser og arbeidsreglement.

Banken er avhengig av tillit frå kundar, myndigheter, og samfunnet elles for å kunne utføre sin forretningsverksemd og sine samfunnspålagte oppgåver som sparebank. Alle tilsette og tillitsvalte som er involvert i bankdrifta, og som i sin rolle identifiserast som en representant for banken, skal utvise en åtferd som er i samsvar med bankens etiske prinsipp og bankens verdiar. Banksjef har et særskilt ansvar, og bør være bevisst sin rolle både i eksterne og interne situasjoner. Alle tilsette skal også ha et bevisst forhold til korleis privat åtferd kan påverke tilliten til banken.

De etiske retningslinjene gjelder for alle bankens tilsette. Retningslinjene gjelder også for personar som arbeider på oppdrag av banken eller konsulentar som ikkje er tilsett i banken. Retningslinjene gjelder også for medlemmer av bankens styre, med mindre noko annet er presisert i styreinstruksen eller gjennom lovsgiving.

Retningslinjene blir godkjend av styret.

Retningslinjer for varsling av kritikkverdige forhold

Banken ønsker å legge til rette for et godt ytringsklima, der kritikkverdige forhold tas opp, diskuterast og løysast, slik at banken kan oppretthalde sin etiske standard og avdekke eventuelle lovbroter eller uakseptabel åtferd.

Banken har gode rutinar for varsling om kritikkverdige forhold, som for eksempel brot på bankens etiske retningslinjer. Rutinar for korleis varsling skal skje er lett tilgjengeleg for medarbeidarane gjennom egne retningslinjer/bankens retningslinje for HMS og på bankens intranettseite.

Arbeidsgivars aktivitets- og redegjerelsesplikt

Ørskog Sparebank er opptatt av mangfold og likestilling.

Ved utgangen av 2023 var det 65,2 % kvinnelege tilsette i banken og 42,9 % kvinner i leiargruppa.

Ein har fokus på kompetanseheving internt, og dermed moglegheiter for interne opprykk. I løpet av 2023 har banken internt rekruttert ein ny leiar på PM og i ein tilsett frå Kundeservice til stilling som rådgjevar på PM.

Styret i banken er oppteke av å fremje likestilling og hindre forskjellshandsaming i strid med lov om likestilling mellom kjønna.

Banken si målsetting er at tilsette av begge kjønn skal bli motivert til å ta leiande stillingar og søke utfordringar. Det er banken si haldning at tilsette, uavhengig av kjønn skal bli handsama likt og bli gitt like sjansar til utvikling.

Banken nyttar seg aktivt av dei anbefalingane som Finans Norge har knytt til val av tillitsvalde til forstandarskapet, komitéar og til styret. Det er bankens si haldning at alle tilsette skal bli gitt like mogleheter og rettar. Det er ikkje vurdert som naudsynt å sette inn tiltak i høve til diskriminering.

Banken har som mål å få på plass ein eigen ARP-rapport i løpet av 2024.

Banken sine tilsette

Bankens tilsette og valte representantar skal behandlast med respekt, og skal rettidig få førelagt seg den informasjon og de opplysningane som de etter lov, forskrifter, bankens vedtekter og internt regelverk har krav på. Banken skal skape et triveleg og motiverande arbeidsmiljø, med gjensidig tillit, samarbeid og openheit. Banken skal også legge til rette for intern rekruttering ved endra kompetansebehov, ressursbehov og endringar i organisasjonen som tilseier at egne tilsette er egna for den aktuelle stillinga.

Banken skal arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremme likestilling. Det er et grunnleggande prinsipp i bankens personalpolitikk at kvinner og menn skal ha like mogleheter for å kvalifisere seg til alle type oppgåver, og at karrieremogleheitene skal være dei same. Mogleheitene skal vidare være like for bankens tilsette, uavhengig av; alder, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, eller kombinasjonar av disse grunnlag. Bankens arbeid knytta til mangfald skal blant anna omfatte områda rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår, forfremming, utviklingsmogleheter, tilrettelegging og mogleheit for å kombinere arbeid og familieliv. Ingen form for verbal, fysisk eller seksuell trakassering skal førekome. Banken skal gjere greie for sitt arbeid rundt mangfald i årsberetninga.

Banken skal ha søkelys på tilsette si kompetanseutvikling, slik at tilsette blir sikra utviklingsmogleheter uavhengig av kjønn og andre mangfoldparameter. Dette blir måla årleg i en kompetansekartlegging. Kunnskap om berekraft hos bankens tilsette er nøkkelen til godt bærekraftarbeid og rådgiving. Ved deltaking i ulike autorisasjonsordningar i bank og forsikring, samt gjennom Eika Skolens tilbod, kan banken tilby tilsette god kompetanseutvikling på en rekke viktige områder. Banken skal også gjennomføre jamlege utviklingssamtaler med alle tilsette for å kartlegge og fremme tilsette sin motivasjon og meistring.

Banken følger Arbeidsmiljøloven, Aktivitets- og redegjerelsesplikt, tariffavtaler, bedriftsavtaler, og interne arbeidsreglement.

Banken har investert tid og krefter i å utforme en revidert visjon og verdiar som skal styre åferda i banken. Verdiane «Stolt, engasjert og til stede» er verdiar som de tilsette har vært med på å utforme, og banken skal investere videre tid og ressursar til å sørge for at verdiane blir levd ut i det daglege.

Verdiskaping



Sponsing og gåvemidlar

Vi deler kvart år ut ein del av overskotet vårt til allmennytige føremål.

Ein solid sparebank er ikkje mykje verd utan kundar og eit levande lokalsamfunn. Banken gir derfor kvart år ein del av overskotet tilbake til lokalsamfunnet.

Vi oppmodar alle lag og organisasjonar som ønskjer å komme i betrakting til å sende ein skriftleg søknad om tildeling av midlar, og i tillegg vurderer vi gáver til einskilde personar eller andre med gode prosjekt.



Miljøaksjon 2023



Våren 2023 utfordra banken Ørskog skule til å bli med på ei várreingjering og miljøaksjon i nærmiljøet. Nesten alle klassene deltok i miljøaksjonen og rydda søppel.

Det vart rydda fleire stader; fjøra ved skulen, i fjøra på Vestre, Elvastien, Lerkelunden, området rundt skulen og i sentrum av Sjøholt.

Avfallet blei levert og avhenda gjennom skulen si eiga renovasjonsordning.

Lag og foreiningar



Ørskog Sparebank har samarbeidsavtalar med fleire lag og foreiningar lokalt. Eit overordna formål med avtalane er at laga skal gi eit positivt bidrag til lokalmiljøet ved å tilrettelegge for allsidig aktivitet for laga sine medlemmer, særskilt born og unge.

Lidenskap & business



Banken har i fleire år arrangert Lidenskap & business for kundane. Dette er ein inspirerande kveld med lærerike foredrag, servering av lokal mat og underhaldning.

Grøne produkt



Grønt bustadlån

Banken tilbyr eit gunstig lån for kundar som har eller skal kjøpe ein energieffektiv bustad med energimerking A eller B. Lånet gjeld også for oppgradering til betre energistandard av gamal bustad.

Energimerke A Bustaden har varmepumpe eller solenergi, i tillegg til betre isolasjon og vindauge. Passivhus vil få A.

Grønne boliglån

Energimerke B Bustaden har varmepumpe eller solenergi og/eller betre isolasjon og vindauge enn krava i byggeforskriftene. Type bustad, byggår og bruksareal vil også påverka energiklassen.



Grønne billån

Grønt billån

Eit grønt billån er for kundar som har kjøpt ny eller brukt elbil, frå forhandlar eller privatperson.

Med **Grønt billån** får du både godt samvit og:

- ✓ lågare etableringsgebyr
- ✓ ekstra god rente

Bilen må vera elbil (CO₂ utslepp - 0g/km) og han kan ikkje vera eldre enn 14 år gammal når lånet er nedbetalt.



Ørskog Sparebank samarbeider om å gi ut "grønne" lån!

Grønt obligasjonslån

Ørskog Sparebank har teken opp eit grønt obligasjonslån som finansierer fornybar energi, og energieffektive bygg.

Gjennom å bruke Kreditforeininga for Sparebankar (KfS), kan ein liten bank som Ørskog Sparebank på ein ressurssparande måte få tilgang til denne kapitalen som substitutt for et ordinært obligasjonslån. Dette gjer grøn finansiering enklare, slik at banken kan konsentrere seg om å finne dei gode, miljøvenlege produkta å hjelpe

Arbeid mot økonomisk kriminalitet

Banken sitt arbeid med antikvitvask og anna økonomisk kriminalitet

Økonomisk kriminalitet og terrorfinansiering

Å kjempe mot økonomisk kriminalitet er ein viktig del av Ørskog Sparebank og heile finansnæringa sitt samfunnsoppdrag. Banken skal arbeide aktivt for å avdekke, førebygge og rapportere mistenkeleg aktivitet eller bruk av bankens produkt og tenester. Med dette meinast kvitvasking, terrorfinansiering, skatteunndraging, korruption og svindel. Mistenkelege transaksjonar og forhold blir følgt opp i samsvar med bankens retningslinjer og rapportert til Økokrim.

Årleg gjennomfører banken ei risikovurdering. Vi vurderer risiko for alle produkt og tenester som banken tilbyr, deretter setter vi inn risikoreduserande tiltak for å handtere kvitvasking, terror eller sanksjonsrisiko. Risikomatrisa danne grunnlag for bankens rutinar, lovpålagt transaksjonsovervaking og handtering av kundetiltak.

Svindel

Bankens arbeid mot svindel har økt i takt med generelt aukande svindelsaker i dagens samfunn. Banken har i 2023 auka informasjonsflyten ut via digitale kanalar og media i tillegg til å gjennomføre temakveldar om svindel for å gi økt bevisstheit til korleis svindel går føre seg i praksis.

Bankens tilsette og styre har gjennomført opplæring for å styrke kunnskapen på ulike felt innan økonomisk kriminalitet, irekna også svindel. Årleg obligatorisk opplæring og tema opplæring er noko som gjennomførast årleg.

I 2023 konverterte banken sine kjernesystem til Tieto Evry som har gitt banken nye system og verktøy for blant anna å handtere bekjempelse av Økonomisk kriminalitet. Dette har ført til mye ekstra opplæring i året som har vært på nettopp dette. Vi ser fram til å være med i reisa videre av systemutvikling med Eika og Tieto Evry.

I forbindelse med konvertering, såg banken seg nøydd til å styrke ressurs situasjonen på antikvitvask og har i en periode hatt et samarbeid med PwC der vi har leid inn en konsulent som har bistått banken frem til en ny 100% stilling som rådgivar AHV ble fylt.

Banken og styret har videre i året som kommer videre fokus på bankens samfunnsansvar og lovpålagt ansvar knytta til bekjempelse av økonomisk kriminalitet.

Korruption

Korruption setter langsiktig verdiskaping i fare og skaper mistillit til systema i samfunnet. Ørskog Sparebank har nulltoleranse for korruption. Dette gjeld både internt, hos bankens kundar og leverandørar. Banken har utarbeidd etiske retningslinjer som skal etterlevast til ei kvar tid og årleg lest og forstått av alle tilsette.

Innkjøp

Når det gjeld innkjøp, har banken avtalar med Eika Gruppen og TietoEvry. Av omsyn til kostnad og kompetanse har ikkje banken andre reelle val enn å handle hos dei. Når det gjeld innkjøp og handel knytt til praktiske føremål i banken så handlar vi lokalt. Vi handlar av lokale aktørar – fortrinnsvis eigne kundar. Profileringsartikler blir i utgangspunktet bestilt lokalt og med berekraft i fokus. Ved behov for handverkarar og vedlikehald av bygningsmasse, handlar vi så lokalt som mogleg. Banken har nyleg pussa opp 2. etasje og laga nye kontor. Her vart det investert i LED belysning med bevegelses-sensorar

Avslutning

Dette er banken sin første berekraftsrapport. Vi har i rapporten samla mykje informasjon om prosjekt, produkt, aktivitetar og tiltak som er gjennomført i 2023. Som vi nemnde i innleiinga, så er dette berre ein start.

Vi avsluttar med banken sin visjon: «Med nærlig og god rådgiving skaper vi verdiar for ei betre framtid». Relatert til emnet berekraft, betyr det at banken gjennom sin aktivitet og rådgiving som finn stad i kundemøter søker å påverke åtferd:

- Motivere kundane til å gjere berekraftige kapitalinvesteringar
- Investerer i kompetanseheving, og gir tilsette ein god og trygg arbeidsplass.
- Innrettar banken slik at vi bidreg til å motverke kvitvasking, skatteunndraging m.m.
- Ha god forretningsstyring som opprettheld bankkonsesjonen.

Målsetjinga er at vi skal finansiere prosjekt som bidreg til lågare klimaavtrykk. Banken skal vakse lønnsamt og utan stor risiko, slik at kapitalen vår kan kome framtidige generasjonar til gode.